

**Saksframlegg****Fordeling av budsjetttramme -sektor økonomi og fellestenester**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	4/17	18.01.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**Dokument i saka:**

Økonomiplan 2017-2020 og årsbudsjett 2017 for Fyresdal kommune.

Vedlegg:

1 Detaljbudsjett 2017 - Sektor økonomi og fellestenester

Bakgrunn for saka:

I økonomireglementet til Fyresdal kommune står det:

Hovudutvala vedtek budsjettet for sine ansvarsområde med utgangspunkt i innstilling og vedtak i kommunestyret, seinast i fyrste møte i budsjettåret.

Hovudutvala skal vedta netto rammer på ansvarsområde med 3 siffer i ansvar.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020: Oppretthalde den økonomiske handlingsfridomen.

		Budsjett 2016	Budsjett 2017
110* Revisjon, næring	Lønsutgifter	1 128 000	1 028 000
	Driftsutgifter	1 527 000	1 546 000
	Inntekter	2 236 000	2 236 000
	Netto	419 000	338 000
111* Politiske utval	Lønsutgifter	1816 000	1 871 000
	Driftsutgifter	467 000	819 000
	Inntekter	7 000	7 000
	Netto	2 276 000	2 683 000
112* Fellesutgifter	Lønsutgifter	8 140 000	4 682 000
	Driftsutgifter	6 854 000	6 857 000
	Inntekter	954 000	954 000
	Netto	14 040 000	10 585 000
	Sum	16 735 000	13 606 000

Oppsettet viser opprinneleg budsjett 2016 og budsjettframlegg for 2017 med dei endringane som kommunestyre vedtok 15.12.16.

Konklusjon:

Utifrå dei endringane som kommunestyret vedtok for budsjett 2017 har administrasjonen utarbeid detaljbudsjett som grunnlag for denne fordelinga.

Det utarbeidet detaljbudsjettet fylgjer vedlagt.

Utvalet må etter delegeringsreglementet vedta nettorammene på 3 siffer i ansvar som her er lista opp.

Innstilling frå rådmannen:

Nettorammer i sektor økonomi og fellestenester for 2017:

	Budsjett 2017
110* Revisjon, næring	338 000
111* Politiske utval	2 683 000
112* Fellesutgifter	10 585 000
Sum	13 606 000

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	kommunalsjef økonomi og fellestenester